



Sterke  
opplevelingar...

## ÅRSMELDING 2013 - MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE SENTER AS

2013 var eit år med høg aktivitet med utstillingar, intimkonsertar, amfitimen, omvisingar, geologiseminar, sommarstemne og andre store og små arrangement. Mostraspelet i juni og konsert med Heine Totland/Gisle Børge Styve i august var arrangementa i uteamfiet. Det er ein liten auke i årsomsetninga samanlikna med 2012.

### Styret

Selskapet har hatt følgjande styre:

Leiar	Svein Arne Theodorsen Aksel Lygre	repr. Den Norske Kyrkja vararepresentant
Nestleiar	Gro Jensen Gjerde Grethe Sivertsen	frie vararepresentant
Medlem	Ola Erslund Anne Britt Grindheim Elisabeth Eide Tharaldsen Odd Vegard Paulsen Solfrid S. Stavland Robert Halleraker	repr. Bømlo Kommune vararepresentant repr. Hordaland Fylkeskommune vararepresentant frie vararepresentant

### Styremøte

Styret har hatt 6 styremøte i 2013 og samarbeidet i styret har vore godt. Det føreligg underteikna referat frå alle styremøta.

### «Steinriket Bømlo»

Bergverksutstillinga "Steinriket Bømlo" vart offisielt opna i samband med Mostraspelet i 2011. Utstillinga er eit flott supplement i tilbudet vårt og har blitt godt mottatt av publikum. I aktivitetsområdet Mostratunet har fleire skuleklassar også dette året gjennom tilbudet «Steinrike dagar i Moster Amfi» delteke i aktivitetar som bogeskyting, steinsliping, matlaging på steinaldervis og i tillegg fått kunnskap om reiskap i steinalderen og arkeologisk utgraving.



Aktivitetar i Mostratunet.

Det andre «Steinriket Bømlo» seminaret vart avvikla 15. og 16. juni og Fagrådet tok igjen turen til Moster. Førelasarar var geolog John Inge Svendsen (UiB), geolog Øystein James Jansen (UiB) og arkeolog Knut Andreas Bergsvik. Tema på seminaret var «Marmor - frå kalkslam på havets botn til Moster Amfi», «Då istida slapp taket», «Ryolitt frå Siggjo - pilspissmateriale frå Lista til Stadt i yngre steinalder» og «Frå Egypt til Bømlo - steinhogging gjennom fleire tusen år» Søndag gjekk turen til ryolittbruddet på Siggjo.



Ved ryolittbruddet på Siggjo 16.juni 2013

### Aktivitetar 2013

Totalt vart det registrert ca. 14 500 besøkjande fordelt på alle typar arrangement.

### Omvising

2639 pers. løyste billett og deltok på omvising som omfattar Moster gamle kyrkje, utstillinga "Frå heidendom til kristendom" og bergverksutstillinga "Steinriket Bømlo". Utstillingane er kjernen i anlegget, og styret ynskjer enno meir fokus på denne delen av tilbodet. Vedtak om oppgradering av biletspelet "1000 år - Ei messe" frå analog til digital versjon vart gjort i 2012 og arbeidet vart gjennomført våren 2013. Målet var at digitaliseringa skulle finansierast med sponsormidlar. Me lukkast ikkje med fullfinansiering av prosjektet i 2013 så det arbeidet vil halda fram i 2014.



Sterke  
opplevelingar...

Side 3

### Mostraspelet / Bømlo 2013

Mostraspelet vart avvikla første helga i juni. Publikumstal: ca. 2500 fordelt på tre framsyningar. Barneframsyninga Litle Torolv vart framført for tredje gong i miniamfiet. Publikumstal: 515 fordelt på tre framsyningar. Det vart og arrangert kunstutstilling i Tollhagekjellaren, ikonutstilling med Lars Slettebø og historisk foredrag med Svein Tindberg i kyrkja, marknad i Mostratunet og danseframsyning med Marit Loe Bjørnstad på kyrkjestølen. Bømlo kommune sin Jubileumskonsert gjekk av stabelen laurdag kveld. Publikumstal: ca. 850. På gudstenesta søndag 2. juni vart Sunniva Gylver tildelt Tora Mostrastong prisen.

### Utstillingar

Det vart arrangert 9 kunstutstillingar:

26.01-10.02	- Bømlo kulturskule	Elevarbeid
15.02-02.03	- Moster skule	Elevarbeid
09.03-06.04	- Annfrid Leikvoll	Maleri
13.04-19.05	- Berit Bakke/Finn Bakke	Foto
25.05-23.06	- Janne Robberstad	Biletkunst
29.06-11.08	- Anne Marie Arnøy	Steincollage
17.08-28.09	- Lars Tveit - Kystsogevekeutstilling	Maleri
05.10-03.11	- Bømlo Maleklubb	Biletkunst
09.11-08.12	- Johanna Seim Hjelland/Johannes Hjelland	Biletkunst

### Amfitimen

Det vart avvikla 4 amfitimar:

10.03	- Nina Næsheim	Barnas Amfitime
14.04	- Leirvik Mannskor	"Syng våren inn!"
25.10	- Moster Amfi/Bømlo vaksenopplæring	Internasjonal kveld
27.10	- Odette Tetlie/Ruth Mjanger (NLA)	«Toras kamp»

Å arrangere «Internasjonal kveld» i høve FN dagen er blitt ein fin tradisjon. Elevar ved Bømlo vaksenopplæring, frå mange land, deltok som vanleg med utstilling, song/musikk og matrettar. Det var og innslag v/Kai Grieg frå FN Sambandet og ved elevar frå Bømlo Folkehøgskule.

### Intimkonsertar

24.02	- Jan Toft	Intimkonsert
17.03	- Astrid Kloster	Intimkonsert
21.04	- Lars Martin Myhre	Intimkonsert
28.06	- Ina Nes/David Nilsen	Intimkonsert
29.09	- Sunnhordland kammerorkester	Intimkonsert
20.10	- Ketil Bjørnstad	Intimkonsert
24.11	- Kjell Inge Torgersen	Julekonsert

Den gode akustikken og trolske stemninga i salen, forsterkar musikkopplevinga for publikum og musikarane set stor pris på å opptre her. Intimkonsertserien vart som vanleg gjennomført med sponsormidlar frå næringslivet i regionen og støtte frå Bømlo Kommune.

### Andre arrangement

26.01-10.02	- Kulturskuledagar i Moster Amfi (samarbeid med Bømlo kulturskule)	
28.04	- Open dag m/pilegrimsvandring (samarbeid med Moster Grendautval)	
17.05	- Familiegudsteneste	Uteamfiet
16. 06	- Sommarstemne - Indremisjonssamskipnaden	Uteamfiet
09.08	- Konsert Heine Totland /Gisle Børge Styve	Uteamfiet
08.12	- Julekafé/julemarknad/juleverkstad og julegrantenning på kyrkjestølen (Arr.: Moster Amfi, Moster Grendautval og Gruveprosjektet i Austre Mosterhamn)	

Open dag med pilegrimsvandring gjennom den nye kulturløypa til Moster gamle kyrkje vart arrangert i kuling og regn 28. april. Det var difor få deltakarar på vandringa og me følte oss som ekte pilegrimar der me gjekk våte og kalde i regnværet.

Konserten med Totland/Styve samla ca. 500 i uteamfiet ein varm og fin augustkveld.

Julearrangementet vart avvikla i vakkert vintervær med nysnø og kulde og mykje publikum.

### Kafeteriadrift

Amfikafeen er open i annosert opningstid og menyen vert utvida litt kvart år. Vikingsodd og rømmegraut er framleis populære tilbod for både individuelle gjester og grupper.

Ved konfirmasjonar, bryllaup og andre arrangement blir selskapsmenyar levert frå cateringfirma. Moster Amfi blir og nytta som møte/konferansestad. Det har som vanleg vore avvikla styremøte, årsmøte, pressekonferansar, firmaturar, julebord og etc. Kafeteriatilbodet er ein svært viktig trivselsfaktor, både for publikum og aktørane i dei ymse oppsetjingane.

### Rekneskap og økonomi

2013 var eit år med stor aktivitet og mange arrangement inne og 2 arrangement vart avvikla i uteamfiet. Omsetninga har auka frå 3 060 223,- i 2012 til 3 189 349,- i 2013. Årsresultatet vart kr. 15 997,- mot kr. 83 689,- i 2012. Kortsiktig gjeld er kr. 532 654,- mot omløpsmidlar på kr. 202 056,-.

### Samarbeid

Moster Amfi har fleire gode samarbeidspartar:

- Fortidsminneforeninga (kontrakt i høve bruk av Moster gamle kyrkje til omvisingar)
- Kenneth Sivertsen stiftinga (kontrakt i høve administrasjon av Kunstnarboligen etter Kenneth Sivertsen)
- Tora Mostrastong foreininga (jobbar aktivt for å styrka kontakten med foreininga)
- Bømlo Teater (det vart våren 2013 inngått samarbeidsavtale med Bømlo Teater om gjensidig informasjon m.o.t. både prosjekt og felles strategi og utvikling)
- Andre gode samarbeidspartar/støttespelarar er Støttelaget for Moster gamle kyrkje, Moster Sogelag, Gruveprosjektet i Austre Mosterhamn og Moster Grendautval.



Sterke  
opplevingar...

Side 5

### Framtidsutsikter

Styret i Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS er optimistiske når det gjeld framtida. Anlegget er godt rusta til å arrangera store oppsetjingar. Me trur at satsinga på den geologiske historia til Bømlo gjennom «Steinriket Bømlo» kan gje auka besøkstal og styrka Moster Amfi sin posisjon i reiselivsmarknaden.

Styret har eit særleg fokus på tilrettelegging for pilegrimsreisande og ser dette som eit naturleg satsingsområde framover. Ein er og oppteken av å leggje til rette for at kyrkjelydar kan leggja eit regelmessig trusopplæringstiltak hit.


Styret arbeidar vidare med planane for ei større markering av 1000 års jubileet for Kristenretten på Moster i 2024.

Styret takkar dagleg leiar og andre tilsette for framifrå utført arbeid og positiv stå-på-vilje.

Mosterhamn, 31.12.13 / 17.03.14

Styret for Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS

  
Gro Jensen Gjerde

  
Solfrid S. Stavland

  
Ola Erslund

  
Elisabeth E. Tharaldsen

  
Svein Arne Theodorsen, leiar

Kontonr	Kontonavn	Regnskap 31.12.13	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Endring budsjett kr	Endring budsjett %
3000	Salg	683 260	600 000	800 000	200 000	33 %
3050	Salg omvisning	217 445	250 000	250 000	0	0 %
3070	Sponsorinntekter	67 726	75 000	75 000	0	0 %
3200	Kunstprovisjon og annen prov.	132 059	100 000	100 000	0	0 %
3230	Egne arrangement	202 659	300 000	200 000	-100 000	-33 %
3240	Kurs - videresalg	0	30 000	30 000	0	0 %
	<b>Salgsinntekter</b>	<b>1 303 149</b>	<b>1 355 000</b>	<b>1 455 000</b>	<b>100 000</b>	<b>7 %</b>
3400	Driftstilskot BK	865 000	857 000	878 000	21 000	2 %
3401	Periodisert tilskot BK	0	0	0	0	
3410	Driftstilskot HFK	865 000	857 000	878 000	21 000	2 %
3411	Periodisert tilskot HFK	0	0	0	0	
3420	Andre tilskot	109 500				
	<b>Tilskudd</b>	<b>1 839 500</b>	<b>1 714 000</b>	<b>1 756 000</b>	<b>42 000</b>	<b>2 %</b>
3600	Leieinntekter	46 700	75 000	250 000	175 000	233 %
	<b>Leieinntekter</b>	<b>46 700</b>	<b>75 000</b>	<b>250 000</b>	<b>175 000</b>	<b>233 %</b>
	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>3 189 349</b>	<b>3 144 000</b>	<b>3 461 000</b>	<b>317 000</b>	<b>10 %</b>
4330	Innkjøp varer for videresalg	328 386	220 000	350 000	130 000	59 %
4500	Fremmedytelser og underent.	16 981	0	20 000	20 000	
4502	Vaktmestertjeneste	87 706	100 000	120 000	20 000	20 %
	<b>Sum varekostnad</b>	<b>433 073</b>	<b>320 000</b>	<b>490 000</b>	<b>170 000</b>	<b>53 %</b>
5001	Lønn til ansatte	1 023 888	1 020 000	1 100 000	80 000	8 %
5330	Styrehonorar	40 100	60 000	60 000	0	0 %
5331	Periodisert styrehonorar	0	0	0	0	
5401	Arbeidsgiveravgift	125 738	140 000	130 000	-10 000	-7 %
5945	Pensjon og yrkesskade	126 907	125 000	125 000	0	0 %
	<b>Sum personalkostnader</b>	<b>1 316 633</b>	<b>1 345 000</b>	<b>1 415 000</b>	<b>70 000</b>	<b>5 %</b>
6000	Avskrivninger	282 524	268 000	286 000	18 000	7 %
6100	Frakt, transport	0	0	0	0	
6200	Elektrisitet	100 125	100 000	100 000	0	0 %
6320	Renovasjon, vann, avløp o.l.	14 617	20 000	20 000	0	0 %
6400	Leie driftsmidler, inventar mm	11 228	0	0	0	
6510	Kostnadsførte anskaffelser	193 144	50 000	80 000	30 000	60 %
6600	Rep. og vedlikehold	21 333	60 000	70 000	10 000	17 %
6610	Ekstraord. vedlikehold	0	0	0	0	
6705	Revisjon, regnskapshonorar	97 798	80 000	90 000	10 000	13 %
6800	Kontorrekvisita	9 028	10 000	10 000	0	0 %
6860	Møter, kurs, oppdatering	4 244	10 000	10 000	0	0 %
6900	Telefon, datakom. porto	24 648	30 000	30 000	0	0 %
7100	Bilgodtgjørelse	5 097	5 000	5 000	0	0 %
7140	Reisekostnad	5 638	5 000	5 000	0	0 %
7320	Reklame, annonser	111 505	130 000	130 000	0	0 %
7330	Utgifter egne arrangement	288 398	220 000	250 000	30 000	14 %
7340	Avgift Moster Gamle Kyrkje	25 000	25 000	30 000	5 000	20 %
7390	Andre salgskostnader	7 630	0	0	0	
7391	Steinriket	24 317	30 000	30 000	0	0 %
7392	Mostratinget 2024 prosjekt	0	15 000	20 000	5 000	33 %
7410	Kontingenter og gaver	13 994	10 000	15 000	5 000	50 %
7500	Forsikringspremie	39 997	36 000	40 000	4 000	11 %
7790	Annen kostnad	10 405	0	0	0	
	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 290 670</b>	<b>1 104 000</b>	<b>1 221 000</b>	<b>117 000</b>	<b>11 %</b>
	<b>Driftsresultat</b>	<b>148 973</b>	<b>375 000</b>	<b>335 000</b>	<b>-40 000</b>	<b>-11 %</b>
8050	Renteinntekter, bank	3 129	5 000	5 000	0	0 %
8150	Rentekostnad banklån	136 105	160 000	100 000	-60 000	-38 %
	<b>Sum finans</b>	<b>-132 976</b>	<b>-155 000</b>	<b>-95 000</b>	<b>60 000</b>	<b>-39 %</b>
	<b>Ordinært resultat</b>	<b>15 997</b>	<b>220 000</b>	<b>240 000</b>	<b>20 000</b>	<b>9 %</b>

## UTVIKLINGSPLAN for Moster Amfi 2014

Tiltak	Start	Ansvar	Status
<b>Anlegg / teknisk:</b>			
1. Oppgradere benker i uteamfiet	2014	Styret / Dagleg leiar	Kontakta aktuelle leverandørar for synfaring og gode forslag til løysingar. Søkja finansiering via HFK «Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar» Målet er nye benker til Mostraspelet 2015.
2. Tollhagen	2013	Styret	På oppfordring frå eigarane har styret vurdert om evt. kjøp av Tollhagen passar inn i vår strategi for vidareutvikling av anlegget. Framtidige arealbehov kan løysast ved kjøp av Tollhagen, medan det store behovet for opprusting av eigedomen talar imot.
<b>Administrasjon og økonomi:</b>			
MA på statsbudsjettet som nasjonalt senter.	Des. 2006	BK/HFK	Ynskjer tett dialog med eigarane om dette. Tema på strategimøte.
<b>Formidling:</b>			
1. Digitalisera biletspelet	2013	Dagleg leiar	Digitaliseringa var fullført i juli. Arbeidet med fullfinansiering blir vidareført.
2. Undervisningsopplegg		Dagleg leiar	Utarbeida undervisningsopplegg for ulike klassetrinn i samarbeid med undervisningsinstitusjonar. Utfordra HSH og NLA.
<b>Pilegrimssatsing:</b>			
1. Kystpilegrimsleia Stavanger - Nidaros		Styret / Dagleg leiar	Arbeide for auka fokus på pilegrimsleia langs kysten mot Nidaros. Etablere kontakt med og invitera prosjektleiar i løpet av året.
2. Kystpilegrimar (grupper)			Utarbeida gode opplevingstilbod for pilegrimar i grupper.
3. Individuelle pilegrimar			Utarbeida gode opplevingstilbod for individuelle reisande.
4. Pilegrim og trusopplæring			Legge til rette for at kyrkjelydar legg trusopplæringstiltak hit.
5. Amfitimen			Kystpilegrim som tema i Amfitimen. Eks. Harald Olsen «Havets pilegrimar»
<b>Steinriket Bømlo:</b>			
1. Steinriket Bømlo	2012	Styret / Dagleg leiar	Prosjektperioden gjekk fram til juni 2012 med BK som prosjektansvarleg. Me føl opp drifta av utstillinga «Steinriket Bømlo» m/aktivitetar i tråd med avtalen og ser fram mot avklaring frå BK si side om organisering av prosjektet elles.
2. Steinriket Bømlo Omvising – undervising	Juni 2011	Dagleg leiar	Vidareutvikla gode opplevingstilbod for skuleklassar, firmaturar etc. Arrangera geologiseminar.
<b>1000 års jubileum 2024:</b>			
1. Forankring hos eigarane		Styret	Forankra 2024 hos eigarane. Vidare lokalt, regionalt og nasjonalt.
2. Fagleg grunnlag og profil		Styret	Arbeida vidare med det historiske grunnlaget og aktuell profil for 2024.
3. Samarbeidspartnarar		Styret	M.a. Bømlo Teater, HSH, Universitet i Bergen, Kyrkja. Samarbeidsrådet
4. Struktur		Styret	Greia ut og etablera styringsstruktur
<b>Samarbeidsprosjekt:</b>			
1. Tora Mostrastong seminar	2013	Styret / Dagleg leiar	Jobba vidare med å styrka kontakten med foreininga Tora Mostrastong.
2. Bømlo Teater	2013	Styret / Dagleg leiar	Følgja opp samarbeidsavtalen med Bømlo Teater.
3. Kenneth Sivertsen stiftinga	2013	Dagleg leiar	Følgja opp samarbeidsavtalen med Kenneth Sivertsen Stiftinga